

Pyntearbeidet av julegrana måtte utsetjast.

27.11.2006

Etter planen skulle Knut Stensletten, Lars Myklebust, Gunnvald Friheim og Ståle Eik ha pynta julegrana på føremiddagen laurdag. Dette har dei naturleg nok måtta utsetja på grunn av den kraftige vinden. Knut var og sjekka forholda ved grana kl. 09, og var deretter i telefonkontakt med dei tre andre. Dei venta i håp om at vinden skal løya, men arbeidet let seg ikkje gjera i løpet av laurdagen.

Under pyntinga er ein avhengig av at to av karane klatrar heilt til topps for å festa stolpen med pæra i toppen og ein koplingskasse. Deretter vert dei resterande pærene, fordelt på sju lekkjer, halt opp ved hjelp av eit tausystem. Det seier seg sjølv at dette ikkje let seg gjera under vertilhøva som rådde i dag, laurdag. Det er no utsett i påvente av rolegare vindforhold. Dei fire stiller opp så fort vinden roar seg nok.

- Men de er vel avhengige av dagslys under pyntinga. Kva skjer om de ikkje vinden roar seg iløpet av søndagen?

- Vi satsar jo på å få gjort det i løpet av helga,- seier Knut,- men skulle det skjera seg, må vi ta det ein tidleg ettermiddag. Det må vel roa seg i løpet av veka. Nokre av oss får berre avslutta arbeidsdagen litt tidlegare. – Vi kjenner oss trygge på at grana vert klar til fredag. Denne dugnadsgjengen let seg ikkje stoppa av vergudane.

Av Thor Inge Døssland